


INGEN
SKRIV til
OBERSTEN

GABRIEL
GARCÍA
MÁRQUEZ



Ingen skriv til obersten

Av Gabriel García Márquez

Dramatisert av Yngve Sundvor

Obersten: Ståle Bjørnhaug

Kona: Wenche E. Medbøe

Hanen: Pål Sverre Valheim Hagen

Don Sabas/Postmeister/Fader Angel: Svein Erik Brodal

Legen/Advokaten/Alvaro/Hane 2: Niklas Gundersen

Musikar: Terje Johannesen

Regi: Yngve Sundvor

Scenografi og kostyme: Milja Salovaara

Dramaturg: Ola E. Bø

Lysdesign: Terje Wolmer

Maske- og parykkdesign: Ingun Ihler Wagner

Inspisient: Brita Gaarder

Sufflør: Torill Steinlein

Lyd: Christopher Woxholt

Rekvisitør: Henriette Jevnaker

Scenekoordinatorar: Birger Kingsrød/Karl Otto Tangen


Kostymekoordinator: Kirsten Høidahl

Musikken er arrangert og tilrettelagt av Terje Johannesen

Foto: Erik Berg

Bilda er tatt i prøvetida

Premiere 1. mars 2007 på Scene 2




Programredaksjonen. Yngve Sundvor, Ola E. Bø,

Agnes Kroepelien, Ida Michaelsen

Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyhr

Trykk: Merkur-Trykk AS





Ein atypisk offiser

Av Jon Askeland

Det er i år 40 år sidan Gabriel García Márquez gav ut romanen *Hundre års einsemd*, ei bok som skulle verta ein merkestein i det litterære landskapet i Latin-Amerika og i livet til forfattaren. Frå då av vart den colombianske journalisten og bokmannen sjølv frontfiguren i gjennombrotsgenerasjonen, og frå då av kom alle bøkene hans i store opplag – også dei han hadde gjeve ut i perioden fram til 1967 og som fyrst vart lite påvyrde.

Av dei tidlege bøkene hans er det mange som reknar *Ingen skriv til obersten* (1961) som sjølv perla i forfattarskapen. Denne kompakte romanen i lakonisk form er på mange måtar eit stilistisk motstykke til den grenselaust fabulerande *Hundre års einsemd*, full av karnevalistiske innslag og med den folkelege humorens overdrivingsretorikk som sitt varemerke.

Ingen skriv til obersten er ei bok som vart til i Frankrike på 1950-talet. García Márquez reiste i 1955 frå heimlandet for å vera Europa-korrespondent for *El Espectador* (Tilskodaren), som den gong var den største avisa i Bogotá. Journalistikken kombinerte han med filmstudier i Roma ved Centro Sperimentale di Cinematografia. Men avisa han arbeidde for vart offer for politisk intervensjon, og brått var forfattaren, som då hadde flytta til Paris, utan arbeid og faste inntekter. Livet hans vart snudd på hovudet, og han kunne visseleg ha skrive under på Ivar Aasens kjende ord om tilveret i framande kår. For "heimlaus, frendelaus og lite kjend" gav han seg i kast med å skriva eit bokmanus om ein tilårskomen oberst og striden hans for å halda svolten på fråstand.

Ein kan truleg med full rett hevda at ein del av tematikken er henta frå hans eigen livssituasjon på det tidspunktet, men hovudinspirasjonskjelda var nok – som i mange av bøkene hans – opplevingar og forteljingar frå barndoms- og oppvekstår i Aracataca, midt i bananbeltet i Colombia. García Márquez vart som unge "bortplassert" hjå besteforeldra, og morfaren, som var pensjonert oberst, vart både modell for seinare fiksjonsfigurar og ei kjelde til informasjon om colombiansk historie – og om tidlegare borgarkrigar og politiske stridsspørsmål.

På mange vis kan ein seia at det fiksjonsuniverset som forfattaren skaper i bøkene sine i perioden frå 1955 til 1972, og som gjerne blir omtala som Macondo-syklusen, er tufta på barndomsopplevingar og den munnlege forteljetradisjonen han fekk del i gjennom oppveksten i heimen til besteforeldra. Det er ikkje urimeleg å tala om ein intern intertekstualitet i forteljingane og romanane frå denne tidbolken. Bøkene representerer ei form for resirkulering av personar, hendingar og sentral tematik, og oberstar finn me i fleire utgåver i dei ulike tekstane.

Oberst Aureliano Buendía, som dukkar opp fyrste gong i ei skisse frå 1950, og som blir ein sentral person i *Hundre års einsemd*, er kanskje den mest nærverande av alle dei eksentriske offiserane i desse bøkene – og også den som får tydelegast preg av å enda som offer for ein absurd repetisjonstvang. Men den namnlause obersten i romanen frå 1961 vandrar også som ein skugge gjennom andre forteljingar frå denne perioden. Og mennesketypen han representerer, idealisten med det ubøyelege tolmodet, dukkar opp att i figuren Florentino Ariza i romanen *Kjærleik i koleraens tid* (1985).

Obersten i boka frå 1961 er namnlaus, men ikkje karakterlaus. Livet og samlivet med ei kvinne, som delvis er eit motstykke til

han sjølv, har forma og slipt han – inn til beinet. Motgang har han hatt nøgda av: Venene hans er borte, sonen er tatt av dage, politiske tyrannar har rana til seg makta og folk i landsbyen har måtta venja seg til å leva med portforbod, unntakstilstand og fråvere av vanlege demokratiske rettar. Men verst av alt er det at pensjonen hans uteblir og at han og kona dermed saknar eit minimumsgrunnlag for å greia kostnadane med å skaffa seg det daglege brød.



Obersten sjølv er av natur ingen kommandant eller krigsherre, korkje heimé eller ute blant folk. Hans strategi er av eit anna slag. Det gjeld om å overleva og gjera motstand – indirekte og symbolsk. Det er optimismen og viljen det står på, og når den meir pragmatiske kona hans seier at ein ikkje kan leva av illusjonar, svarar han at ein ikkje kan eta dei, men dei settar like fullt.


Humor og sjølvironi er også gode våpen i kampen for å overleva. Obersten talar med skjemt om sine sår og konstaterer at sidan kroppen hans har blitt tynn og skranten vert det berre lettare i neste omgang å selja beinpipene til ein klarinettfabrikk. Han trøystar seg også til landsbylækjaren sin diagnose om at det finst ikkje betre medisiner mot sukkersykje enn fattigdom og mangel på mat. Og paraplyen som det berre er spilene att av, kan i det minste nyttast til å telja stjernene på himmelen. Og når han ikkje lenger har hatt som er brukande hovudplagg, så slepp han samstundes å ta han av for autoritetar han ikkje har respekt for.

Obersten er systematisk optimist, han lever i pakt med ordtaket om aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Livet går han imot, men han held på sitt og misser ikkje trua på framtida. Det kan ta kortare eller lengre tid, men rettferda vil sigra til slutt.

Dei undertrykte skal koma til makta, dei svoltne skal verta metta, pensjonen hans skal koma i posten og kamphanen – sjølv symbolen på kampviljen og framtidstrua – skal sigra i det endelege oppgjeret mot fiendens kampanar...

Gabriel García Márquez er ingen typisk dramatkar. Han har berre skrive eitt stykke for framføring på teateret: *Eit kjærleikens smedeskrift mot ein sitjande mann* (1988). Men andre har gjort bruk av tekstane hans i teatersamanheng, og for meir enn 25 år sidan fekk eg som student i Mexico oppleva at den uruguayiske eksilteatergruppa El Galpón framførte sin teaterversjon av *Ingen skriv til obersten*. Framføringa hausta lovord både i Mexico og på festivalar og turnear andre stader i den spansktalande verda. Og for dei mange opposisjonelle som hadde måtta flykta frå militærregime i Uruguay, Chile og Argentina, vart opplevinga av den ubøyelege motstandskrafta og den tillitsfulle optimismen til den gamle namnlause obersten eit lærestykke i overlevingsstrategi og vilje til å satsa på framtida.








Foto: Reuters/Scanpix

Gabriel García Márquez

- *Ingen skriv til obersten* er basert på ei bok med same namn av den colombianske forfattere Gabriel García Márquez.
- Første gong publisert i 1961.
- Den fortel historia om ein fattig, pensjonert krigsveteran og kona hans som forgjeves ventar på pensjonen han har blitt lova for 15 år sidan.
- Handlinga er sett til tida under den såkalla "La Violencia" i Colombia, da det militære sat med makta og sensuren rådde.
- *Ingen skriv til obersten* skil seg frå resten av forfatterskapen til Márquez ved at den ikkje fell inn under sjangeren magisk realisme.
- Márquez skriv i sine memoarar at historia er inspirert av bestefaren hans som òg var oberst og aldri fekk den pensjonen han hadde krav på.
- I 1999 blei forteljinga filmatisert i regi av Arturo Ripstein.
- Gabriel García Márquez fekk Nobelprisen i litteratur i 1982. Han er særleg kjend for romanane *Hundre års ensomhet* og *Kjærlighet i koleraens tid*.
- Márquez er ikkje berre romanforfattar, han skriv òg dramatikk og er ein kjent journalist. Fleire av reportasjane hans finst i bokform.
- Forfattere har alltid vore politisk engasjert og er ein av grunnleggjarane av HABEAS, ein organisasjon som mellom anna arbeider for å sette fri politiske fangar.
- I 2002 kom første del av sjølvbiografien hans, som på norsk har fått tittelen *Leve, for å fortelle*.

07-07898







Depotbiblioteket



07sd 07 898

HOVUDSPONSOR



Statkraft

www.detnorsketeatret.no